

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M73	17/316

Saknr	Utval	Type	Dato
100/2018	Formannskapet	PS	28.11.2018
069/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Etablering av BERIVEST AS

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Stiftingsprotokoll BERIVEST (3) 21.11.18	22.11.2018
Vedtekter aksjeselskap øvingsfelt 22.04.18	22.11.2018
ROS- analyse BERIVEST AS - April 2018 (3)	22.11.2018
BeriVest Risikoanalyse hoved (2)	22.11.2018
Leigeavtale Sløvåg utvikling AS (76422)	22.11.2018
Signerte intensjonsavtaler 19.11.18	22.11.2018
Intensjonsavtale Slakteriet	22.11.2018
Vedr. GMBR kurstilbud HI	22.11.2018
VS Behov for kurs og opplæring - Intensjonsavtale med BERIVEST AS	22.11.2018
Intensjonsavtale med Helse Bergen	22.11.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Masfjorden kommune opprettheld tidlegare kommunestyrevedtak (KS-051/2017) om etablering av øvings og kompetansesenter i Gulen Industrihamn.**
2. **Selskapet skal ha namnet BERIVEST AS.**
3. **Selskapet vert eit aksjeselskap der Gulen og Masfjorden kommunar har 50 % kvar av aksjeandelane.**
4. **Vedtekter for selskapet vert vedtekne slik dei ligg føre.**
5. **Styret består av 3 medlemmar valt av kommunestyret. Framlegg til styre er ein politisk representant frå kvar kommune, og ein ekstern representant.**

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lokalt brannvesen har eit behov for å ha tilgang til øvingsfasiliteter for sine mannskap. Det tradisjonelle hjå andre brannvesen har vore at ein sender mannskapa til Norges brannskole i Harstad eller til ein av dei store byane i landet som køyrer slike kurs. Dette er både kostbart for kommunane og belastande for deltidsmannskapa som i tillegg til å være borte frå familie og sin private svære

også må frikjøpast frå arbeidet sitt.

I samband med etablering av GMBR i 2011 var det ei målsetting om at avviket på kompetense hjå mannskapa skulle lukkast ved at ein etablerte system for å gjennomføre denne opplæringa lokalt. I 2012 gjennomførte GMBR eit desentralisert kurs i regi av Norges brannskole i Gulen og Masfjorden. Det er ny utdanningsmodell under utvikling med eit endå større krav til praksisperiode, men dagens utdanning for brannkonstablar skal avsluttast med ei såkalla praksisveke på 40 timer. Denne vart i 2013 kjøpt av Flora brannvesen i Florø. Kostnaden med denne praksisveka kom på om lag kr 200 000,-. Det har i ettertid vore vurdert om desse midlane kunne vore nytta på ein annan måte der ein hadde meir att for desse midlane, at belastninga på mannskapa vart redusert, samt at ein med eit lokalt øvingsanlegg også kunne nytta dette i samband med rutinemessige øvingar i brannvesenet i kvar dagen. Dette er bakgrunnen for ideen om å etablera eit øvingssenter lokalt.

Underveis i utredningsarbeidet med å etablera eit slikt anlegg lokalt, har det synt seg at det også er andre kommunar i området som har same behovet. I tillegg har andre aktørar og ikkje minst privat næringsliv orientert om at også dei også ser nytte i å etablera eit slikt senter for å dekka sine behov for øving, opplæring og kometansebygging.

Det er tidlegare vedteke i kommunestyra både i Gulen og Masfjorden å etablere eit slikt senter for kompetansebygging. I dette vedtaket/møte var det eit vilkår at det før oppstart skulle avklarast ein del føresetnader for etablering og drift, og at desse forholda skulle opp att til politisk handsaming før formell etablering. Desse forholda er nærmere utreda her under fakta i saka.

Fakta

Det er fakta at våre kommunar har eit stort avvik på kompetanse på mannskapa i brann og redningsvesenet. Dette gjeld ikkje berre grunnutdanning for brannkonstabel men også utdanning for uthyrkingsleiarar og befat. Mesteparten av denne utdanninga kan også gjennomførast lokalt, noko som også underbyggjer nytten av etablering av senteret.

Det er også eit faktum at det er eit behov for brannvesena i regionen med eit øvings og kompetansesenter. Det er ikkje inngått nokon intensjonsavtalar med desse, men det vert å koma attende til etter kvart.

Når det gjeld areal for etablering av øvingsfelt er status i dag er at det ligg føre ein leigeavtale frå Sløvåg utvikling på eit område på om lag 2 mål. I dette avtaleutkastet inngår det at utleigar skal drifte oljeutskiljar som samlar opp avrenning frå området, samt at leigetakar fritt kan disponere ein tilstøytande brakkerigg som kan nyttast til det som øvingssenteret har behov for. Denne er tenkt nytta som garderobe, lager og evalueringsrom i samband med aktivitetet på feltet. Avtalen er ikkje signert. Videre er det, så langt, kjøpt inn containere som skal nyttast som røykdykkarhus, gjære rundt området, samt litt verktøy og forbruksmateriell. Samla sum for desse anskaffelsane er på om lag kr 200 000,-

Framlegg til budsjett for 2019 er utarbeida.

Etableringskostnader

I utgangspunktet var det laga eit budsjett for etablering av anlegget på kr 500 000,- Etter at kostnader knytt til ombygging/innreiing av brakkeriggen kom til, er denne auka til 800 000,- Dette betyr at ein har ei resterande investering på 600 000,- utover det som allereie er anskaffa.

Utsleppsløyve

Utsleppsløyve er behandla hjå fylkesmannen og vert utsteda på selskapet så snart dette er ein

realitet. Byggeriet på Mjømna er engasjert til å byggemeldt røykdykkerhuset, samt montere takstolar,m.m., men dette arbeidet avventer også etableringa av selskapet.

Forslag til styret i BERIVEST AS

Styret i BERIVEST AS er føreslege med 3 medlemmar som er valt av kommunestyret. Framlegg til styret er ein politisk representant frå kvar kommune t.d. varaordførar, og ein ekstern representant. Forslag til ekstern representant i styret er distriktsjef i sivilforsvaret i Hordaland Anne-Margrete Bollmann, og ho er førepurt til dette vervet.

Vedtekter

Det er utarbeida vedtekter for selskapet. Desse ligg som vedlegg i saka. Det same gjeld skipningsprotokollen.

Intensjonsavtalar

Det er teikna intensjonsavtalar for kjøp av tenester for omlag 1 million kroner i 2019. Det pågår framleis arbeid med inngåelse av slike avtalar. Dette er tenkt som ei stadfesting av behovet og for å få ei oversikt over behovet for kurs og opplæring.

Vurdering

Det er eit behov i brann og redningsetatane for eit tilbod som dette. Dette gjeld ikkje berre eigarkommunane sitt personell men også brann og redningspersonell i kommunane i distriktet rundt. Det er like fullt det private næringslivet som truleg vil bidra til den største omsetninga i selskapet gjennom kurs av ulike slag.

Det vil være ein avgrensa risiko å etablera senteret. Kostnadane knytt til etablering er relativt låge og driftskostnadane vil langt på veg verta styrde av drifta. Liten drift låge kostnader versus større drift større kostnader.

I forhold til miljø er senteret på det reinaste utsleppsfritt. Primært skal det drivast med propan, noko som er tilnerma utan utslepp. Det einaste avfallet som kjem frå dette er litt sot i slukkevatnet, noko som vert handtert gjennom renseanlegget til utleigar.

Om ein tek omsyn til at eigarkommunane må gjera tiltak for å lukka avviket med manglande kompetanse for sine mannskap, er dette ei løysing på den utfordringa der ein i tillegg til å få lukka avviket også kan få ei inntening gjennom selskapet til å dekka delar av kostnadane med drift og utvikling av brann og redningstenesta. Dette vil styrke den kommunale beredskapen lokalt, noko som vil bidra til ei styrking av den totale beredskapen når no andre etatar sentraliserer sine ressursar vekk frå vårt distrikt. Brann og redningstenesta er den einaste beredskapstenesta der det er tydeleg markert frå sentralt hald at den skal forbli communal.

Samla sett vil etableringa av eit slikt øvings og kompetansesenter tilføra kommunane ein betre beredskap i alle samanhengar. Difor bør ein etablira dette senteret for å ha mogelegheit til å gjera mannskapa kompetente og budde på å møta dei ulike beredskapsutfordringane dei er sett til å handtera.

Konklusjon

1. Masfjorden kommune opprettheld tidlegare kommunestyrevedtak (KS-051/2017) om etablering av øvings og kompetansesenter i Gulen Industrihamn.

2. Selskapet skal ha namnet BERIVEST AS.

- 3. Selskapet vert eit aksjeselskap der Gulen og Masfjorden kommunar har 50 % kvar av aksjeandelane.**
- 4. Vedtekter for selskapet vert vedtekne slik dei ligg føre.**
- 5. Styret består av 3 medlemmar valt av kommunestyret. Framlegg til styre er ein politisk representant frå kvar kommune, og ein ekstern representant**

Formannskapet - 100/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjane tillegg til punkt 5.:

For Masfjorden kommune vert Torill Torsvik Størkersen valgt som representant i styret.

Framlegg til vedtak med tillegg jobba fram i møtet vart samrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

- 1. Masfjorden kommune opprettheld tidlegare kommunestyrevedtak (KS-051/2017) om etablering av øvings og kompetansesenter i Gulen Industrihamn.**
- 2. Selskapet skal ha namnet BERIVEST AS.**
- 3. Selskapet vert eit aksjeselskap der Gulen og Masfjorden kommunar har 50 % kvar av aksjeandelane.**
- 4. Vedtekter for selskapet vert vedtekne slik dei ligg føre.**
- 5. Styret består av 3 medlemmar valt av kommunestyret. Framlegg til styre er ein politisk representant frå kvar kommune, og ein ekstern representant. For Masfjorden kommune vert Torill Torsvik Størkersen valgt som representant i styret.**

Kommunestyret - 069/2018

KS - behandling:

Brannsjef Sigvald Kvinge møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

- 1. Masfjorden kommune opprettheld tidlegare kommunestyrevedtak (KS-051/2017) om etablering av øvings og kompetansesenter i Gulen Industrihamn.**
- 2. Selskapet skal ha namnet BERIVEST AS.**
- 3. Selskapet vert eit aksjeselskap der Gulen og Masfjorden kommunar har 50 % kvar av aksjeandelane.**
- 4. Vedtekter for selskapet vert vedtekne slik dei ligg føre.**
- 5. Styret består av 3 medlemmar valt av kommunestyret. Framlegg til styre er ein politisk representant frå kvar kommune, og ein ekstern representant. For Masfjorden kommune**

vert Torill Torsvik Størkersen valgt som representant i styret.